

# **Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnteneste, Sogndal kommune, Vestland.**

Heimel: Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2 a, andre ledd og lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 11-2.

## **§ 1. Føremål**

Føremålet med forskrifta er å gi kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller i tilsvarande bustad, og tilknytte føresegner for venteliste og overflytting.

## **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld for alle som oppheld seg i Sogndal kommune og gjeld i tillegg for personar som har konkrete planar om å flytte til kommunen.

## **§ 3. Omgrep**

Omgrep som vert nytta i forskrifta:

- a. Langtidsopphald tyder at ein person på ubestemt tid oppheld seg på sjukeheim eller i ein tilsvarande bustad.
- b. Sjukeheim er ein helseinstitusjon slik det er definert i forskrift om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon av 16. desember 2011 nr. 1254, § 1 bokstav d og e og § 2.
- c. Ein tilsvarande bustad som er særskild tilrettelagd for døgntenester, er ein bustad som er lagd til rette for at kommunen skal kunna yte tenester som dekkjer pasienten eller brukaren sine helse- og omsorgsbehov døgnet rundt. Det vil seia at personen får den same hjelpa og det same tilsynet som sjukeheimspasientar får.
- d. Venteliste er eit oversyn over brukarar som ventar på tildeling av langtidsopphald.
- e. Venteliste overflytting er ei opplisting av brukarar som har teke i mot langtidsopphald, men som ønskjer overflytting til annan institusjon.

## **§ 4. Søknad og vedtak**

Brukaren sjølv, eventuelt saman med pårørande/verge, søker om langtidsopphald.

## **§ 5. Opplysingar og krav før tildeling**

Før tildeling av langtidsopphald, eller oppføring på venteliste bør følgjande informasjon verte innhenta:

- a. opplysingar frå brukar og frå pårørande/verge,
- b. dokumentert vurdering basert på aktuelle kjelder og informasjon frå aktuelle tenester dersom søker mottok andre helse- og omsorgstenester,
- c. medisinske opplysingar frå fastlege eller frå spesialisthelsetenesta.

Mistanke om svikt i eigenomsorg på grunn av demens, bør vere utgreidd før langtidsopphald vert tilbydd.

## **§ 6. Kriterium for tildeling av langtidsopphald**

Langtidsopphald i sjukeheim vert tildelt når det berre er på denne måten brukar kan få forsvarleg helsehjelp. Vurderinga er skjønsmessig og vert gjort ut frå ei heilskapleg vurdering av pasienten sitt helse- og omsorgstenestebehov.

Langtidsopphald skal i utgangspunktet vere et tilbod til eldre over 67 år. For yngre personar skal det søkast å etablere eit alternativt tilbod i eigen heim.

Det er berre brukarar med eit omfattande døgntilgjengeleg helse- og omsorgstenestebehov som kan få tildelt langtidsopphald.

Før tildeling av langtidsopphald skal andre aktuelle tiltak som korttidsopphald i institusjon, avlasting i institusjon, dagtilbod, utvida heimetenester og betre tilrettelegging i heimen vere utprøvd og/eller vurdert.

## **§ 7. Tiltak medan brukar ventar på langtidsopphald i sjukeheim**

Brukar som oppfyller kriteria for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad skal få andre naudsynte tenester for å sikre forsvarleg helsehjelp i ventetida. Dette kan til dømes vere auka heimesjukepleie, heimehjelp, korttidsopphald på sjukeheim og/eller andre tenester i omsorgstrappa. Personar som tek imot hovudomsorga frå sine pårørande, skal få tilbod om avlastande tiltak for særleg tyngjande omsorgsoppgåver.

## **§ 8. Ektepar eller sambuarpar har rett på langtidsopphald**

Når eit ektepar eller sambuarpar begge har rett på langtidsopphald, skal dei om det er praktisk mogleg, få bu på same institusjon og dele rom om dei begge ønskjer det. Deling av rom vert innvilga dersom det er vurdert som praktisk mogleg og forsvarleg.

### **§ 9. Den eine ektefellen eller sambuaren har rett på langtidsopphald**

Når berre den eine ektefellen eller sambuaren har rett på langtidsopphald, men begge har ønskje om å bu på same rom, kan den utan rett til langtidsopphald søkje om å få tildelt korttidsopphald. Korttidsopphald etter denne føresegna vert innvilga dersom det er vurdert som praktisk mogleg og forsvarleg at paret bur på same rom.

Når ektefelle/sambuar sitt langtidsopphald opphøyrer, opphøyrer òg vedtaket til den andre ektefellen/sambuaren som har fått korttidsopphald jf. første ledd. Ektefelle/sambuar som har hatt vedtak om korttidsopphald, skal flytte ut seinast innan 14. dagar. Perioden kan utvidast inntil 4 veker, dersom det ikkje er andre brukarar som har fått tilbod om rommet/plassen.

### **§ 10. Venteliste**

Kommunen fører venteliste over brukarar med rett på langtidsopphald, som ventar på å få tildelt rom på sjukeheim eller tilsvarande bustad.

Når det vert ledig plass, skal alle som står på ventelista, vurderast av kommunen. Den søkjaren som har det største hjelpebehovet, skal bli tildelt den ledige plassen.

Brukar som er på korttidsavdeling eller liknande, må straks flytte til tildelt ledig rom/plass. Dette gjeld sjølv om tilbodet er på ein annan avdeling, sjukeheim eller bustad, enn brukar sitt førsteval.

### **§ 11. Venteliste overflytting**

Dersom søkjaren har fått langtidsopphald på ein annan sjukeheim eller tilsvarande bustad, enn sitt førsteval, skal søkjaren få tilbod om å stå på venteliste om overflytting.

Når det vert ledig rom/plass på ein sjukeheim eller tilsvarande bustad som er særskild tilrettelagd for døgntenester, vil ein tilby overflytting til brukaren på ventelista som har eit helse- og omsorgstenestebehov som samsvarer med korleis tenestetilbodet er organisert på institusjonen eller avdelinga der den ledige plassen er. Når det er fleire brukarar på ventelista som er aktuelle for den ledige plassen, skal tilbodet verte gitt til den som har vore lengst på ventelista for overflytting.

Tilbod om overflytting vert berre gitt ein gong og brukar må svare så raskt som mogleg og flytte seinast innan 14 dagar. Perioden kan utvidast inntil 4 veker, dersom det ikkje er andre brukarar som har fått tilbod om rommet/plassen.

## **§ 12. Organisering og flytting**

Kommunen kan bestemme at brukar i langtidsopphald skal flytte til anna rom, avdeling eller institusjon. Gjennomføring av flytting skjer i samråd med brukar og pårørande/verge.

## **§ 13. Rett til å klage**

Vedtaket kan klagast på jf. pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 7. Rett klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klagen skal sendast til kommunen. Dersom klagen ikkje fører fram, skal kommunen senda klagen, utan ugrunna opphald, til Statsforvaltaren for endeleg vurdering og avgjerd. Klagefristen er 4 veker.

## **§ 14. Iverksetting**

Denne forskrifta tek til å gjelde frå 1. juli 2023. Til same tid vert forskrift av 15. juni 2017 nr. 2499 om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller bustad med heildøgns tenester, Sogndal kommune, Sogn og Fjordane, oppheva.